



Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

For hytteeigarar

MARS 2017 • ÅRGANG 24

Endeleg hyttesesong!

Skal opphaldet på hytta bli triveleg, må renovasjonsordninga fungera. Difor får alle hytteeigarar informasjonsblad frå SIM på denne tida av året. På den måten får me informert deg som hytteeigar om renovasjonsordninga. Vår oppgåve er å leggja til rette for at du og dei andre hyttebrukarane i regionen vert kvitt avfallet på ein miljørett

og god måte. Ordninga består av hyttedunkar, hyttkonteinarar, miljøsentralar og returpunkt for glas- og metalleballasje. Hyttekundar som ynskjer og sortera, kan få dunkar som for heilårsabonnement.

Berre dei som betalar hytteabonnement har lov til å bruka konteinarene.

Heilårsabonnement for utleiehytter

Utleiehytter er å rekna som heilårshus og skal ha renovasjonsordning tilsvarande heilårshus. Det har kommunestyret i alle SIM sine eigarkommunar vedteke.

Eigarar av utleiehytter kan kontakta SIM for å få ordna abonnementet, tlf. 53 45 78 50.

Gebyroversikt finst på www.sim.as

Grunna mykje misbruk og forsøpling av enkelte av våre hyttekonteinera vil me kameraovervaka nokre av desse. Har du spørsmål om overvakinga, ta kontakt med SIM.



Kameraovervaka område



Bruk miljøsentralen

SIM sine miljøsentraler har mykje besøk, særleg no om våren.

SIM sine miljøsentraler er eit tilbod både til fastbuande og hyttekundar i SIM- kommunane. Ein står fritt til å bruka den sentralen som høver best. Ved miljøsentralen kan hytteabonnentane sortera avfallet sitt. Her kan ein levere det ein ikkje har lov til og kaste, eller ikkje har plass til, i hyttekonteinaren. Farleg avfall og kasserte elektriske- og elektroniske produkt (EE-avfall) skal ikkje kastast i hyttekonteinarane, men leverast til miljøsentralen.

Miljøfarleg avfall

Mange har ståande målingsrestar, olje, lim, lakk og andre produkt som kan

skada miljøet. Når slikt avfall ein gong skal kastast, er det berre ein rett plass: Miljøsentralen. Alt farleg avfall som vert levert inn på miljøsentralen vert teke hand om på forsvarleg vis; anten ved at det vert til råstoff i nye produkt eller lagra på forskriftsmessig måte.

Døme på farleg avfall:

- Måling, lim og lakk
- Sprayboksar
- Spillolje
- Reingjeringsmiddel
- PCB-vindauge (produsert 1965–1980)
- Trykkimpregnert materiale

Døme på EE-avfall:

- Mobiltelefonar
- Lysstoffrør, sparepærer
- Oppladbare batteri og knappcellbatteri
- Leiker som blinkar eller bråkar

Plastsortering og tekstilsortering

Hyttekundar som ynskjer å sortera ut plastemballasje eller tekstilar/klede kan få spesialsekker til å sortere i. Sekkane får du på SIM sine miljøsentraler og kundetorget i kommunen. Plastemballasjen og tekstilane/klede kan leverast kostnadsfritt på miljøsentralane.

Bruk returpunkta for glas- og metallemballasje

Ikkje kast glas- og metallemballasje i hyttekonteinarane, men bruk våre returpunkt. Då er du med og gjev emballasjen «nytt liv». Resirkulert glas- og metallemballasje blir til råstoff i mange produkt.

Returpunkta finn du på sentrale stader kringom i kommunane.

Sjå oversikt i SIM- app eller på www.sim.as



NB! Berre glas- og metallemballasje som det har vore *mat* eller *drikke* i kan kastast i returpunkta.

Døme er syltetøyglas, vinflasker og hermetikkboksar.

Finn hyttekonteinar med app

Lurer du på kvar næraste hyttekonteinar er, kva tid det er ope på SIM sine miljøsentralar, eller kvar du finn konteinera for glas- og metallemballasje?

No kan du få svaret rett i lomma til din mobil. Last ned SIM sin prisløna APP, der du kan få svar på desse og fleire spørsmål knytt til avfallet ditt.

Last ned appen ved å søkja på «SIM tømme kalender» i **Google Play™** eller **App Store®**, via: app.sim.as, eller ved å skanne QR-koden til høgre.



Ryddeaksjonar våren 2017

SIM arrangerer kvart år ryddeaksjon på øyar som ikkje har vegsamband til miljøsentral. Både fastbuande og hyttebrukarar kan levera avfall og det er kostnadsfritt å levera. SIM stiller mannskap og utstyr. *Ryddeaksjonane finn stad til desse tidene:*

Kvinnherad

Fjelberg/Borgundøy:

Laurdag 8. april kl. 10.30 - 13.30

Snilstveitsøy v/fergekai:

Laurdag 8. april 09.30–12.30

Skorpo:

Laurdag 8. april 09.30–13.00

Varaldsøy v/fergekai/returpkt.:

Laurdag 22. april 10.00–13.00

Stord

Huglo v/ferjekai:

Laurdag 29. april 09.30–12.00

Bømlo

Espevær, kai cont. via Eidesvik:

Laurdag 29. april 11.00–14.00

Austevoll

Møkster/Lunnøy/Litlakalsøy:

Laurdag 6. mai 10.00–13.00

Båt til øyane frå kai.

Slamtømming for hytter

I 2017 vert det slamtømming for hytteabonnentar i Kvinnherad og Stord. Abonnentane får tilsendt informasjonsblad i god tid før tømming. Spørsmål kan rettast til Svein Klungtveit AS, som tømmer slam for SIM. Telefon 52 79 29 70 eller 982 35 151.

Hyttedunk

Dei som ynskjer det kan få «hyttedunk» hos SIM. Dette er ein 140 l dunk, som ein kan nytta i stadenfor/eller som eit supplement til hyttekonteinerane. Dunken må setjast til veg når det er tømning av restavfall for hushaldsabonnentar. Hytteeigarar kan òg få dunkar til å sortera i, slik fastbuande har, men må då betala gebyr som for heilårsbustad.

Austevoll

- Hufthamar
- Kvaløy v/bru Spissøy
- Kalve (Stora Kalsøy)
- Skår (Hundvåkøy)
- Bjånes
- Eido
- Selbjørnsbrua v/kraftlaget
- Stolmabrua rasteplass
- Kolbeinshavn kryss
- Husavik ferjekai
- Vik-kryss (nordsida)
- Åno / Blåsternes
- Snuplass Hestavik/ Bussesund
- Avkøyning Selvågen/ Nordeide
- Gauksheim
- Stolmen kyrkje
- Rasteplass v/Storhaug
- Kryss Rostøy v/bru

Bømlo

- Langevåg Kåso
- Lykling kai
- Bærøy
- Finnås
- Moster Skimmeldalsdalen v/undergang
- Gassasundet Spissøy
- Hollunds dalen v/ miljøsentralen
- Urangsvåg kai
- Stavlandsvegen v/kryss Søvollvegen
- Aga – kryss v/Rolfsnesveg
- Ved kryss Djupedalen
- Rasteplass v/Klubbasundbrua
- Tverråbkjen, Sortland sør

Fitjar

- Koløyhamn
- Helland
- Kråko hyttefelt
- Kalveid
- Fitjar v/Fitjartun
- Fitjar v/båthamn
- Sandvikvåg ferjekai
- Hageberg skule
- Dåfjorden

Kvinnherad

- Stussvik v/vegkryss
- Hammarhaug hyttefelt
- Vikane – veg mot Håvik
- Ølve v/kryss til Skarvasete
- Varaldsøy v/kai
- Mauranger, kryss Jondalstunnelen
- Ænes campingplass
- Årsnes ferjekai
- Matre ferjekai
- Matre v/kryss indre Matre
- Skromme
- Herøysund v/butikk
- Husnes v/Statoil
- Sydnes ferjekai
- Toftevågen
- Høylandsbygd v/båthamn
- Ranavik ferjekai
- Arnavik
- Borgundøy
- Uskedal v/gamleskulen
- Ænes 1 km sør for Furebergstunnelen
- Dimmelsvik v/ gamleposten
- Valen (parkeringsplassen ved kyrkja)

- Blådalen v/vegkryss til Matre
- Utåker/Holmedal kryss riksveg
- Gjermundshamn
- Neslia sør
- Sæbøvik v/aldersheim

Stord


- Studalen v/Kiwi
- Avkjørsel til flyplass Stokken
- Dåfjorden v/hyttfelt
- Fjellgardsvegen
- Huglo v/ferjekai
- Huglo v/skulen
- Heiane miljøsentral

Sveio

- Valevåg
- Tittelsnes (2 stk.)
- Holsvika/Buavika
- Økland
- Vihovda
- Liereid
- Geitåstjørna v/Liereid
- Håvardsholm
- Førde kai
- Røykjenes
- Erve
- Bakken
- Våga
- Kvalvåg
- Kvalvågnes v/kryss
- Eilerås v/steinbrotet på nordsida
- Birkeland
- Sveio sentrum parkeringsplass bak Kiwi
- Haukås
- Rød
- Fagerland v/kryss
- Auklandshamn
- Tjernagel
- Bua
- Nordskog v/gravplass
- Eltravåg v/bedehus
- Sletto
- Vikse
- Tidlegare Vandaskog skule
- Skålaskog nord

Tysnes

- Skorpo v/kryss
- Flakkavåg kai
- Onarheim v/skulen
- Årbakka v/butikk
- Nymark v/kryss Lunde
- Malkenes v/kryss
- Lunde senter
- Lunde kai
- Gjersvik v/kryss
- Godøysund
- Godøysund
- Våge v/Esso
- Uggdal v/kryss Onarheim
- Uggdal v/Sæd
- Høviskeland mot Neshamn
- Kryss til Flatråker kai
- Kryss til Sunde kai
- Kryss til Flygansvær
- Bratttveit v/møteplass
- Bruntveit v/kryss til kai
- Reksteren skule på Skår
- Hope v/kryss til Hopsund
- Reksteren - kryss til Kaldafoss
- Espevik v/Elsåkeråvågen
- Hålandsneset v/kryss til Amland




Renovasjons- og slamtømmegebyr

SIM har som målsetjing at alle hytteabonnentar i kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes skal ha likt servicenivå og like renovasjons- og slamtømmegebyr.

Årsaka til at gebyra varierar, er at kommunane legg på SIM sine grunnprisar, for å dekkja sine eigne kostnader med renovasjons- og slamtømmeordninga. Pålaga varierer frå kommune til kommune (sjå blå søyle). SIM sine grunnprisar er illustrert med brun søyle. Gebyret skal uansett ikkje vera høgare enn at renovasjonsordninga går i balanse.


Renovasjonsgebyr for fritidsbustad i 2017
(i kr, inkl. mva):



Gebyret skal dekkja:

- Innsamling og slutthandsaming av avfall
- Kjøp og vedlikehald av hyttekonteinarar
- Returpunkt for glas- og metallemballasje
- Miljøsentralar (ein del av kostnadene vert betalt ved levering av avfall)
- Administrasjon og informasjon

Slamtømmegebyr for fritidsbustad i 2017
(i kr, inkl. mva):



OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE*

*Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

AUSTEVOLL, PORSDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00
Perioden 1. april - 30. sept.:
Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00-14.00.
Perioden 1. okt. - 31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

BØMLO, HOLLUNSDALEN

Måndag og onsdag kl. 12.00-18.00
Tysdag og torsdag kl. 07.00-15.00
Perioden 1. april - 30. sept.:
Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 10.00-14.00.
Perioden 1. okt. - 31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 10.00-14.00

FITJAR, SVARTASMÅGET

Måndag kl. 10.00-18.00

KVINNHERAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag og torsdag kl. 13.00-18.00
Tysdag og fredag kl. 08.00-13.00
Perioden 1. april - 30. sept.:
Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00.
Perioden 1. okt. - 31. mars:
Første laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag, onsdag og torsdag kl. 10.00-18.00
Tysdag og fredag kl. 07.00-15.00
Laurdag kl. 10.00-14.00

SVEIO, SVEIÅSEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

TYSNES, EREDALEN

Tysdag kl. 10.00-18.00
Perioden 1. april - 30. sept.:
Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00.
Perioden 1. okt. - 31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

Kompostjord på lager

Kompostjord og plenblanding kan kjøpast på SIM sine miljøsentralar. Produkta er populære som jordforbetningsmiddel og i blomebed. Prisen er kr 200 for ein liten tilhengjar og kr 400 per tonn for større mengder.

På Bømlo, Fitjar, Stord, Sveio og i Kvinnherad kan du få hjelp til å lasta molda på tilhengjaren (kr 75 i tillegg). Ved dei andre miljøsentralane må du lasta sjølv.

